

## Kyrkja

### Indre Herøy kyrkje

Søndag kl. 1100: Sokneprest Bjørn G. Leinebø  
Organist Atle Hovden Havåg  
Dåp. Nattverd  
Offer: Stefanus Alliansen

### Kvamsøy kapell

Søndag kl. 1100: Seniorprest Kjell-Roger Isene.  
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

### Larsnes kyrkje

Søndag kl. 1600: Seniorprest Kjell-Roger Isene og kantor Georg Notøy. Takkoffer til misjonsprosjektet.

### Frikyrkja

Søndag kl. 1100: Gudsteneste. Dåp.

## EI TID VAR AV KÅRE KVALSVIK

# Folkestyre

Det er klokt å innsjå at fleire enn du kan tenkje. Difor er det klokt å søkje råd hos andre når du sjølv er i tvil, elles kan du køyre deg fast. Der er ei fortelling i den gamle Boka: Moses vart vel rekna for ein klok mann. Han som fekk ansvar for å føre eit heilt folk frå utlægd og heim att til eit gamalt fedreland. Som førar trudde han det var hans oppgåve å løyse alle ting undervegs. Han heldt på å køyre seg fast med bagatellar slik at det gjekk ut over førarskapen.

Då er det at svigerfar jetro kjem til han og ser og forstår situasjonen. Ein slik far har levd nokre år meir og har også prøvd meir. Der sit Moses i ein

spørjande folkemasse frå morgon til kveld heilt utmasa av bagatellar og han spør: «Kva er det for arbeid du har teke på deg? Og kvifor sit du aleine i denne spørjande folkemassen?» «Jau folket kjem til meg og vil spørje Gud til råds». Moses trur han skal vere mellommann og løyse alle småting. Han skal døme mann og mann mellom ut frå Guds bod – trur han. Moses som ville fri seg frå leiaroppgåva fordi han hadde talefeil.

Han får eit svar som set han på plass: «Du er ikkje klok slik du innrettar deg. Du masar ut både deg sjølv og folket til skade for både deg og dei». Dette er ikkje ei einmannsoppgåve.

Han vil gi råd om Moses ville høyre på han og meiner det er Guds vilje: Han skal gi retningsliner for liv og ferd slik Gud har laga dei. Vel deg ut vituge menn av folket og innfør folkestyre med delt ansvar. Gå til Gud med hovudsakene, men detaljane skal dei folka som er valde til det ta seg av. Då avlaster du deg sjølv så du kan halde ut. På den måten hjelper du folket.

Dette var ein måte som Moses ikkje hadde tenkt på. Han kunne ha vorte ein tverrdrivar i sin sjølvtenkte visdom. Skal tru ikkje saga kan oppvise mange slike som har utvikla seg til maktmenneske og enda som diktatorar. Bibelen er også

ei praktisk bok. Maktmenneske fekk lett den innstilling: «Vi alene vite». Både i stat og kyrkje. Gjekk dei saman kunne dei ta livet av dei som hadde ei anna mening og kalle dei for kjettarar og vranglærarar. Deira minne er lite ettertrakta. dei kunne rasere både nasjonar og sivilisasjonar.

Folkestyre er ikkje det same som at kvar einskild skal få styre etter sine meininger, men at dyktige og rettsinna folk som er valde av folket skal ha ansvar både nedover og oppover.

Dette kom ei kveldsøkt i dagar då eg ikkje fekk brukande ord. Det hender det også.

## Ein av fem vurderer å legge om til økologisk drift

Ein av fem konvensjonelle bønder har vurdert å leggje om til økologisk drift.

Det viser ei undersøking som AgriAnalyser har gjennomført for Landbrukets Økoløft.

Målet med spørjeundersøkinga var å få ei betre forståing av korleis både konvensjonelle og økologiske bønder tenkjer og vurderer produksjonen sin, kva for haldningar dei har til økologisk produksjon, og kva som skal til for at fleire skal leggje om til økologisk produksjon her i landet.

### Økonomisk spørsmål

Fleire av bøndene som har lagt om til økologisk produksjon sa i granskinga at betre økonomi og meirpris var ein av dei viktigaste grunnane til at dei la om. Samtidig sa 38 prosent av dei konvensjonelle produsentane at dei ikkje har lagt om til økologisk fordi dei forventar dårlegare lønsemd.

Nesten er tredjedel av dei økologiske produsentane oppgir at lønsemda har blitt betre etter omlegging. For ein tredje-

del er lønsemda omtrent den same.

– Lønsemd i økologisk drift er viktig for at fleire bønder skal vurdere omlegging. Derfor er det dei siste åra gjort nokre grep for å redusere risikoen det er å leggje om produksjonen. Vi ser at det er viktig å leggje til rette for økologisk produksjon slik at den norske forbrukaren skal kunne velje norske økologiske produkt, seier Lars Petter Bartnes i Norges Bondelag i ei pressemelding.

### Lære av økologisk drift

60 prosent av dei konvensjonelle bøndene som svarte på undersøkinga var heilt eller delvis einige i påstanden om at konvensjonelt landbruk kan lære av økologiske metodar.

Blant bøndene som før hadde produsert økologisk, men seinare lagt om til konvensjonell drift, svarte 43 prosent at dei hadde tatt med seg meir kunnskap om jord frå økologisk drift og inn i konvensjonell drift.

Blant dei økologiske produsentane opplevast det i stor grad at haldningane til økolo-



ØKOLOGISK: Frittgåande høner blir eineleverandør til Rema. FOTO: KARI HAMRE / NPK

gisk produksjon har blitt betre, både i samfunnet generelt og blant bønder i nærmiljøet. Fleire bønder opplever at samfunnet er meir positivt til øko-

logisk produksjon enn det bønder i nærmiljøet er.

NPK

## DØDSFALL



Vår kjære far, svigerfar, morfar, farfar, oldefar, svoger og onkel

### Astor Maaløy

f. 5. januar 1932

døde frå oss.

Myrvåg omsorgssenter/  
Fosnavåg, 18. juni 2019.

Sussan Eli Iren Per-Kjell Trond Alfred

Barnebarn og oldebarn

*Det led mot aften og sol gikk ned.  
Ditt hjerte sovnet,  
og du fikk fred.*

Gravferda har funne stad i det stille.

## TAKK

### Hjarteleg takk

for helsingar og all deltaking i samband med bortgangen til vår kjære syster, svigerinne, tante og grandtante Toril Eggesbø Weinert.

Svein, Trude og familien elles.

## GRAVSTEIN

Stor utstilling



Be om brosjyre

### Vartdal monument

Tlf: 70 04 22 10

mob: 941 72 252

e-post: steinhogger@hotmail.com



## EGSET VENTILASJON

- VENTILASJON
- VARMEPUMPER
- KJØL • FRYS
- BETONGSAGING

Tlf. 70 05 30 80 | www.egset.no